


"Trygghet og glede med voksne tilstede"

*Velkommen til Tuv oppvekstsenter
Avdeling barnehage
2010-2011*

*Skadvin
Kroken
Røggelia
Åne
Naturbasen*





Presentasjon av barnehagen

Tuv barnehage er ein tre- avdelings kommunal barnehage. Barnehagen tek i mot barn i alderen 1 – 5 år. Avdeling Røggelia starta drifta i 1988, og avdeling Kroken i 1998 og avdeling Skadvin starta 2001 Den nyaste er avdeling Åne som starta opp hausten 2009 Dei borna som går på avdeling Åne har og plass i Naturbasen ein eller to dagar i veka

- **full plass - 5 heile dagar i veka**
- **delt plass - 4 heile dagar i veka**
- **delt plass - 3 heile dagar i veka**
- **delt plass - 2 heile dagar i veka**

Innanfor dei delte plassane vil det variere i kva dagar ein har.

Bemanning

Barnehagen har slik grunnbemanning :

Styrar i full stilling

5 pedagogiske leiarar/førskulelærarar i fulle stillingar

14 heile assistentstillingar.

Kontor 97058817 /31408916
Røggelia 91666810
Kroken 91666811
Åne 91666812
Skadvin 91666824
Naturbasen 97650018

Personalet i barnehageåret 2010-2011

Avdeling Kroken

Fornavn	Etternavn	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
Ingunn	Waadeland	x	x	fri	x	x
Lissy	Josefsen K.	x	x	x	fri	x
Camilla	Grøndal	fri	fri	x	x	x
Eva	Eikrehagen	x	x	x	x	fri

Avdeling Røggelia

Fornavn	Etternavn	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
Vibeke	Nemeth	x	x	x	x	x
Sigrid	Flaget	x	x	x	x	x
Trude	Pettersen	fri	x	fri	fri	x
Bente	Embre	x	x	x	x	x
Hanne M	Jensen	x	fri	x	x	fri

Avdeling Åne

Fornavn	Etternavn	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
Kari	Moland	N	N	fri	N	
Heidi	Vold	x	x	fri	x	x
Guro	Smøttebråten	x	x	x	x	x
Gitte	Fjeldstad	x	fri	x	fri	x
Anna C		x	x	fri	x	fri

Naturbasen/Åne

Fornavn	Etternavn	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
Karin	Slåtto	x	x		x	
Katja	Glennefors	x	x		x	
Kari	Moland	x	x		x	

Skadvin

Fornavn	Etternavn	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
Eirin K	Holde	x	x	x	x	fri
Hilde	Eggen	fri	x	x	x	x
Anni	Hustvedt	x	x	fri	x	x
Lovisa C	Aronsen	x	fri	x	fri	x

kontor	Etternavn	måndag	tysdag	Onsdag	torsdag	fredag
Marit F.	Bjerkan	x	x	x	x	x
Monika	Randar			x		

GENERELL DEL

Barnehagen blir drivi av Hemsedal kommune. Barnehagen er politisk lagt under Hovudutval for livsløp.

Hovudutval for livsløp består av politikarar og Kommunalsjef som er sakshandsamar. Styrarar og rektorar kan møte med talerett i spesielle saker dersom dei vert kalla inn. Dette hovudutvalet er det politiske organ som har ansvar for barnehagesaker. I dei fleste sakene har dei vedtaksrett, men nokre saker går til kommunestyret for endeleg godkjenning, t.d. budsjett og vedtekter.

Barnehagen blir drivi etter lov om Barnehagar og har Rammeplan for barnehagar som sitt arbeidsverktøy. Samt kommunens egne vedtekter.

Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette i barnehagen. I styret skal det veljast to foreldre frå kvar avdeling til Foreldrearbeidsutvalet (FAU). FAU vel 1 representant til samarbeidsutvalet, (SU). Foreldrerådet skal få førelagt og ha rett til å uttale seg i saker som er viktig for deira tilhøve til barnehagen. Dei skal fremja felles interesser til alle foreldra, og bidra til at samarbeid foreldre – barnehage skaper eit godt miljø for alle.

Samarbeidsutvalet består av tre representantar frå foreldra, ein frå barnehagen, ein frå skulen og ein frå Sfo. Tre representantar frå dei tilsette, ein lærar, ein frå personale på skulen og ein frå barnehagen, og ein representant vald frå Hovudutval for Livsløp. Rektor er skrivar.

Dei tilsette og foreldra sine representantar er på val kvar haust. Politikaren sit i ein kommunevalperiode. Samarbeidsutvalet skal få seg førelagt, og ha rett til å uttale seg i, saker som er viktige for barnehagen og skulen sitt innhald, verksemd og tilhøve for foreldra, t.d. budsjett, driftsendringar, bruk av inne og uteareal m.m.

Samarbeidsutvalet skal gje uttale i viktige saker som vedkjem skule og barnehage, både i forhold til lovverk, forskrifter, vedtekter, budsjett og opplegg.

Teieplikt: Alle som arbeider i barnehagen er underlagt teieplikt. Alt som skjer og alle opplysningar om barn, foreldre og familietilhøve vert verande innafor barnehagen. Brot på teieplikta er straffbart. Dersom barnehagen treng hjelp frå fagfolk utanfor barnehagen, må det innhentas løyve frå foreldra fyrst. Teieplikta er ikkje til hinder for samarbeid mellom desse instansane når det gjeld barn som treng spesiell hjelp og støtte.

Forsikring: Alle barn er ulykkesforsikra i barnehagen, på veg til og frå barnehagen, og på turar i barnehagens regi. Når det gjeld køyring i bil er barna alltid sikra etter forskriftene. Nokre av personalet har løyve til å køyre minibuss, og barnehagen kan leige minibuss. Det er montert sikkerheits selar. Vi innhentar løyve frå foreldra til å ta barn med på tur.

Foreldresamarbeid: Samarbeid mellom personalet og foreldra er heilt nødvendig for at barnet skal få det best mogleg i barnehagen. Det er de som foreldre som er ekspertar på dykkar egne barn, og som difor best kan fortelje korleis barnet dykkar har det og kva det treng. Den viktigaste fellesnemnaren i samarbeidet er barnet sitt beste.

Foreldremøte: Det vert halde eit til to foreldremøter i året. På foreldremøte om hausten vert det informert om det som skjer i barnehagen og kvifor. Dette er eit viktig møte, ikkje berre fordi ein mottek informasjon, men fordi foreldra her kan koma med tips til tema i barnehagen, vera med på å forme innhaldet, få svar på spørsmål osv..

I tillegg vonar me i samarbeid med FAU å arrangere eit foreldre møte som tek opp eit aktuelt tema.

Foreldresamtale: Det har me som regel ei gong i året. Her tek me opp alt som har med ditt barn å gjera. Sterke og svake sider, korleis ungen finn seg til rette i barnehagen osv.. Sei ifrå om det er ting du lurar på, ting du er fornøgd med, eller ikkje så fornøgd med. Ynskjer du/ de fleire samtaler utover den eine timen er det berre og spørja om eit møte.

Uformelle møter: Under det kjem alle dei møta mellom foreldre og personale i opplegg som har til målsetting og berre vera eit sosialt føretak. For eksempel Lucia feiring, foreldrecaffi osv.

Dagleg kontakt: Dette er kanskje den viktigaste biten i foreldresamarbeidet, det møte som skjer i garderoben i hente og bringe situasjonar. I den daglege kontakten får ein straks rydda opp i misforståingar og ting ein er ueinige om. Ein kan få gje informasjon til barnehagen og få informasjon om korleis dagen har vore for barnet, og om det har skjedd noko spesielt.

Sjå på plassen om det er nokon beskjedar du skal ta med heim.

Følg med på oppslagstavla for å halde dykk orienterte om kva som skal skje.

Primærkontakt: Når barnet ditt startar i barnehagen vil ein av dei vaksne på avdelinga ha spesielt ansvar for akkurat ditt barn. Dette er i tilvenningsperiode, og kanskje litt lengre dersom det trengs. Du har ein prat med primærkontakten og får orientering om barnehagen og samtidig informerar du barnehagen om det vi treng å vite om barnet ditt. Til ein vert kjend er det greitt å ha ein fast person å forhalde seg til.

Personalsamarbeid: Eit personale som fungerer bra saman er viktig for trivselen i barnehagen. Det er viktig at personalet har felles haldningar til det å jobbe med store og små menneske. Målet er ikkje at alle vaksne i barnehagen skal vera like, men at vi står på ein felles plattform. Med det meiner ein m.a. felles haldning til grenser, korleis ein snakkar med kvarandre osv. For å nå desse måla må personalet ha møter.

Avdelingsmøte: Kvar avdeling har møte ein gong i veka. Medan den eine avdelinga på Tuv har møte, har personalet i den andre avdelinga ansvar for alle barna.. På desse møta vert det sett opp detaljert vekeplan, ansvar for ulike aktivitetar vert fordelt og gledelege opplevingar og problem vert diskutert. Dette er eit praktisk arbeidsmøte der ein tek for seg det som har skjedd og skal skje på avdelinga komande veke.

Personalmøte: Ein gong i månaden der heile personalgruppa er samla. Vi har og felles møter for barnehage, skule og Sfo. På desse møta tek vi opp ting som vedkjem alle som t.d. felles aktivitetar, grupper på tvers av avdelingar eller barnehage/skule, ulike læringsøktar med tema og mykje planlegging og informasjon. Vi planlegg på lenger sikt, utvekslar erfaringar og lærer av kvarandre.



Opningstida

Barnehagen er åpen frå 7.30.-16.30. Det betyr at ungane må vera henta til kl. 16.30.. Alle ungane bør til vanleg vera komne til kl. 9.30. Då er vi ferdige med frukosten og klare til å starte dagens arbeid. Det er viktig at de foreldre fyljer med på vekeplanen om kva til opplegg barnehagen har. Dersom ungen kjem seinare enn kl. 10.00 eller vert henta før, har fri/ sjuk **må** de allehelst gi beskjed. Det greier seg med ein telefon om morgonen.

Det er fint om de tek ein tur innom barnehagen med jamne mellomrom for å få med eventuelle beskjedar o.l.

Har ungen din hatt ein slitsam start på dagen er det greit å vite, slik at vi kan gi han/ho litt ekstra tid for å hente seg inn att.

Måltider

I barnehagen er det to vanlege måltider om dagen .

kl. 8.30	Frukost - nistemat m/frukt o.l. for dei som vil
kl. 12.00	Hovudmåltid – stort sett brødmåltid som vi lagar saman med ungane.
Kl 14.30	Frukt/ Grønsaker

Ungane får mjølk i barnehagen og treng difor ikkje ha med seg drikke dersom det ikkje er noko spesielt. Barnehagen serverer litt frukt eller grønnsaker etter hovudmåltidet ca. 14.30. Dersom nokon er svoltne til andre tider, går det som regel an å finne tid for eit ekstra måltid.

To matpakker

Frå etter 17. mai til 1. september har vi prioritert og ha to matpakker. Grunnen til det er at dette er ein periode vi er mykje ute, på turar i nærområdet o. l. Og då er det enkelt og berre ta seg ein tur, når matpakka ligg i sekken.

Mjølk og frukt får dei i barnehagen.

Vi har då litt meir og gå på i forhold til hausten, og brukar og lage mat saman med ungane, baking mot jul og lignende

De blir likevel trekt for matpengar i juni og august i staden for at vi legg på matprisen dei andre mnd.

Klær og sko

Ungane treng innesko som kan vere i barnehagen. Det er viktig at det er gode sko med god passform for vi brukar dei m.a. i gymsalen. Dersom ungen har lett for å sveitte på føtene kan sandalar vera eit godt alternativ.

Ekstra kle som t.d. joggedress, truse, sokkar, strømpebukse må ein ha i barnehagen. Om vinteren, ekstra vottar, tjukke sokkar , regntøy og gummistøvlar. Om det ikkje skal vera i barnehagen må ein hugse på å ta det med seg kvar dag.

Namning

Det er svært viktig å skrive namn på støvlar/sko og kle. Mange ungar har like kle/sko og det er fort gjort å forbytte desse, og vanskeleg å halde styr på både for ungar og vaksne. Bruk gjerne sprittusj / kulepenn på merkelappen . Du kan og bestille namnelappar i barnehagen .

Utetida

Send med ungane kler som dei kan arbeide i. Vi vil alltid, så sant veret tillet det ha ei økt ute. Her har vi sett ei grense på -15 C , vert det kaldare går vi ikkje ut. I tillegg må vi sjå på faktorar som vind, sol e.l.. Lengda på utetida vert regulert etter veret.

Leiker

Ungane skal ikkje ha med seg eigne leiker i barnehagen. Bortsett for dei som treng eit kosedyr t.d. for å sova.

Sjukdom

Sjå på allmenntilstanden til ungen, den er ofte ein betre peikepinn enn allverda sine målingar.

Er ungane så sjuke at dei ikkje kan vera ute, skal dei vera heime den dagen.

Likedana viss ungen har vore sjuk om natta bør han/ho vera heime dagen etter, i alle fall viss det har vore oppkast eller diaré. (omgangssyke)

Bursdagsfeiring

Når ungane har bursdag vert dette feira i barnehagen på dagen eller den dagen som er nærast. Ungen har med seg is/kake/frukt e.l. Vi har bursdagssamling og ungen får krone. Stor stas.

Ha alltid eit telefonnr. liggande i barnehagen slik at personalet kan få tak i ein av foreldra eller andre føresette, som kan koma og hente ved sjukdom o.l.

Ta kontakt med oss om ting du lurar på, vi er her i samarbeid med de som foreldre.

Kontor 97058817 /31408916

Røggelia 91666810

Kroken 91666811

Åne 91666812

Skadvin 91666824

Naturbasen 97650018



Kva kan de som foreldre/ føresette forvente av barnehagen?

Som personalgruppe har vi målsetjingar i forhold til vårt pedagogiske arbeid med barn .
Her er våre målsetjingar over kva de som foreldre kan forvente av oss

Tryggleik: Vi vil møte kvar familie med respekt for deira ynskje og at vi har ein god relasjon til alle.
Er foreldre/ føresette trygge skaper det trygge barn.

Barnet i sentrum

Vi ynskjer at kvart barn skal få dekkja sine enkelte behov
Kvart barn er unik , kvart barn skal:
Bli sett, høyrte, tatt på alvor
Vi ynskjer å prate med barnet og lærer barna innleving og forståelse for andre

Med deltagane vaksne meiner vi:

Delta i leik- fylje utvikling /rollefordeling
Følge med/observere
Dei vaksne viser deltagelse og omsorg for det enkelte barn.

Leik og læring

Leiken skal alltid stå sentralt i kvardagen til barna.
Alle barn i barnehagen skal få store muligheter til å få ein allsidig
leikerfaring gjennom ulike typer leik .
Personalet skal og legge tilrette for at dei og blir kjend med ulikt type leikemateriale.

Samarbeid med skulen/sfo kan de forvente at:

Vi er i eit oppvekstsenter som ynskjer og i vareta alle barn frå 1-10 år.
Det er eit godt samarbeide mellom barnehage, skule og sfo
og målet vårt er at alle barn skal føle trygghet i denne settingen.



Kva vi i barnehagen forventar av de som foreldre/føresette

For at barnet skal få det best mogeleg i barnehagen er eit godt samarbeid mellom barnehage og føresetter nødvendig.

Vi forventar at føresette gjer seg kjent med:

Planar , rutinar, informasjon.

Vedtektene for barnehagane i Hemsedal

At de viser respekt for barnehagen sitt arbeid ved å stille opp til samtale og møter og tilstellingar som barnehagen arranger.

Gir positive og negative tilbakemeldingar til oss .

Gir oss beskjed når det er andre som hentar barnet

At de er positive til andre barn og deira foreldre og føresette

Merkedagar Tuv barnehage

<u>Mån</u>	<u>Dag</u>	<u>Aktivitet</u>
August	17.	Første barnehagedag for nye barn
September		
Oktober	04.- 08.	Skulen sin haustferie
November	5. 8.	Planleggingsdagar - Barnehagen stengt
Desember	24. og 31.	Barnehagen stengt
Januar	3.	Planleggingsdag - Barnehagen stengt
Februar	28.2 - 4.3	Skulen sin vinterferie
Mars		
April	18. -25.4	Påskeferie.
Mai	16.	Planleggingsdag- barnehagen stengt 16.mai
Juni		
Juli		Barnehagen er stengt i veke 29 og 30



Barnehagen sitt pedagogiske grunnsyn

Ein definisjon på pedagogisk grunnsyn:

”Med pedagogisk grunnsyn menes den virkelighetsoppfatning, de verdier og holdningar som ligger til grunn for pedagogisk virksomhet.”

(Frode Søbstad)

Vi vil ha ein barnehage

- med felles visjonar og mål
- samt ein norm som bidreg til samhald mellom alle.

Vi har gjennom prosjektet sist år fått understreka kor viktig relasjonen til barnet er for alt arbeid og i møte med den enkelte.

- Samspel er ein sentral dimensjon vi difor legg vekt på.
- Vi arbeider systemisk for å styrke relasjonar.

Alle barn har opne og skjulte ressursar.

I denne samanhengen er det vårt ansvar å ta barna sitt perspektiv og leite etter ressursen i barnet for å vidareutvikle dette og syte for at dei vert møtt med reelle læringsforventingar. Alt dette vil få konsekvensar for læringsprosessen og den vaksne sitt møte med det enkelte barn.

Satsingsområde – Begrepsinnlæring



Barnehagen sitt satsingsområde 2009-2010 er "Innlæring av grunnleggjande ord og begrep".

Vi veit kor viktig språk er for læring og utvikling.

Begrepsundervisning gir barna

- øving i å styre merksemda
- øving i å forlenge og utvide korttidsminnet /arbeidsminnet via aktivt språkbruk
- øving i språkleg tenking og problemløysing.

Dette arbeidet skjer i nært samarbeid med barnehagen.

Vi har fått med oss Andreas Hansen frå Statped Nord som skal kurse oss. Han sluttførte si doktorgradsavhandling "Begreper til å begripe med..." i 2006.

Andreas Hansen har omfattande erfaringar med ulike prosjekt med systematisk begrepsundervisning (BU) både overfor barn med og utan språk og læreveskar av ulike slag.

Mat i barnehagen

Vi har lyst til å sette fokus på mat og ernæring i samarbeid med Frisk Liv og Helsestasjonen

Nokon av personalet har gått på "fiskesprellkurs"

Fiskesprell i barnehagen er organisert gjennom folkehelsearbeidet i det enkelte fylket.

De kan lesa meir om på nettet via nettadresse <http://www.fiskesprell.no/barnehage>

MILJØFYRTÅRN

I Hemsedal er det en politisk bestemmelse på at alle virksomheter i bygda skal bli sertifisert som miljøfyrtårn .

Miljøfyrtårn er ei norsk miljøsertifiseringsordning som er i veldig vekst. I dag er om lag 2500 verksemdar sertifisert, dei fleste private. Ordningen er bygd opp av krav som er tilpassa over 60 bransjer, alt frå frisørsalonger til offentleg administrasjon. Krava vil naturleg variere, men det er laga eit bransjekrav som skal gjelde for alle bransjer. Bransjekrava er delt inn i arbeidsmiljø, energi, avfall, transport og estetikk.

HANDLINGSPLAN

Tema: begrep

FAGOMRÅDE	ARBEIDSMETODE	MÅL
Kommunikasjon, språk og tekst	Personalet brukar bøker, rim/regler, song og språk bevisst i naturleg samhandling med born i barnehagekvardagen.	Vidareutviklar begrepsforståinga til borna.
Kropp, rørsle og helse	Gymsal, turar, påkleding/avkledning Bruk av prosjekt "Fiskesprell"	Opplive meistring gjennom allsidig bruk av kroppen Bli kjent med sansane våre Barn si medverknad i matlaging og kunnskap om råvarer.
Kunst, kultur og kreativitet	Ta i bruk fantasi og skaparglede.	Bli kjent med ulikt formingsmateriale, Musikk, dans og drama Lære om farger og mønster
Natur, miljø og teknikk	Gå på turar og undrast over det me ser. Dei eldste skal verta kjende med bruk av data.	Opplive naturen sitt mangfald, og glede seg over å ferdast i naturen. Erfare korleis teknikk kan brukast i leiken.
Etikk, religion og filosofi	Fokusere på å trøyse kvarandre, dele, syne respekt for andre. Dei eldste er med på skulegudsteneste før jul, adventssamlingar og påskesamlingar	Tilegnar seg grunnleggjande normer i samfunnet og verdjar. Lærer å akseptere kvarandre. At borna skal få kjennskap til tradisjonar kring jule- og påskehøgtid

Nærmiljø og samfunn	Gå på turar i skogen, på Fausko og i nærområdet elles. Bruke biblioteket Tur til skiheisen Besøke dei gamle på Heimen	Bli kjend med nærmiljøet vårt.
Tall, rom og form	Bli kjent med tall og former gjennom daglege gjeremål. Erfarar plassering og orientering	Opplive glede over å utforske tall og former. Utvikle lokaliseringsevna

Avdelingsvis tilpassing til handlingsplanen ut frå alder på barnegruppa.

Det blir laga månedsplaner frå den enkelte avdeling som foreldrene får delt ut I den enkelte avdeling.

Ta kontakt om de lurar på noko.



Tuv barnehage 2010-2011

- August:** 16. Planleggingsdag – barnehagen stengt
17. Første dag for nye barn
- September:** 1. Foreldremøte kl.19-21
13. Hausttur 3-4 åringane,
16. Hausttur 5 åringane
16. Hausttur 1-2 åringane
- Oktober:** 4.-8. Skulen sin haustferie
12. Høstfest med grønnsakssuppe
- November:** 5. Planleggingsdag – barnehagen stengt
8. Interkommunal planleggingsdag – barnehagen stengt
- Desember:** 13. Lucia-feiring kl.08.00!
17. Nissefest
24. og 31. Barnehagen stengt
- Januar:** 3. Planleggingsdag – barnehagen stengt
25. Solfest
- Februar:** 28.-6. Skulen sin vinterferie
- Mars:** 4. Fastelavnsfeiring
11. skulehage m/ski
18. skulehage med ski
- April:** 7. Ski akedag
15. Påskedugurd
18.-25. Skulen sin påskeferie
20. Barnehagen stenger kl. 12
- Mai:** 13.skulehage med rydding
16. Planleggingsdag
24. Hemmelegtur
30. Vårturar
- Juni:** 6. Karneval
9. Sommerfest
- Juli:** Uke 29 og 30 barnehagen stengt

